

Fra: Leiv Trygve Varanes[leiv.trygve.varanes@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 20.03.2017 08:50:19
Til: Post[post@kvinnherad.kommune.no]
Tittel: VS: Forslag til kompensasjonsordning - skrantesjuka og fallvilt

[Denne bør registrerast på eporthe](#)

Fra: Jomar Ragnhildstveit [mailto:Jomar.Ragnhildstveit@hfk.no]

Sendt: 16. mars 2017 11:11

Til: Andreas Granli; Annbjørg Bue; Dagfinn Bjørge; Erik Schult; Ingmar Slettemark; Johan Bergerud; Lars Johan Fjelde; Lars Præstiin; Leiv Trygve Varanes; Lene Merete Rabben; Maria Sjaavaag; Marius Flemmen Knudsen; Morten Meland; Målfrid Eide; Nils Kaalaas; Ole Kristian Trondsen; Ottar Myrtveit; Rolf Erling Loe; Ruth Helene Kongsbak; Thomas Sjøflot; Tore Henrik Øye; Trygve Vik

Emne: Forslag til kompensasjonsordning - skrantesjuka og fallvilt

Til kommunale viltforvaltarar,

Miljødirektoratet ønskjer innspel frå fylkeskommunane på vedlagte brev innan 1. april 2017.

Dette til dykkar info - og for høve til innspel til svar frå fylkeskommunen. Ber i tilfelle om innspel på e-post **innan 29. mars**.

Miljødirektoratet vurderer altså å innføre ei kompensasjonsordning for kommunar som bidreg til kartlegging av skrantesjuka (CWD) på fallvilt av hjort, elg og rådyr. Slik kartlegging vil truleg føregå i mange år framover.

Ifølgje vedlagte brev er det føremålstenleg at kommunen sitt ettersøkspersonell tek ut hjerneprøven og sender den til Veterinærinstituttet. Kommunen skal registrere alt fallvilt i Hjorteviltregisteret, herunder om CWD-prøve er teken.

Kommunen si prøvetaking av fallvilt fører til ekstra utgifter. Desse utgiftene kan dekkast over det kommunale viltfondet, men storleiken på viltfondet varierer mellom kommunar. Miljødirektoratet arbeider difor med å finne ei mogeleg kompensasjonsordning for kommunar som bidreg i skrantesjuka-kartlegging av fallvilt.

Forslag til ny kompensasjonsordning

Miljødirektoratet føreslår å fordele ein pengepott til fylkeskommunale viltfond som er øymerka til skrantesjuka-prøvar frå fallvilt:

- Alternativ 1: Basert på statistikk frå Hjorteviltregisteret tildelar fylkeskommunane pengar vidare til kommunane.
- Alternativ 2: Basert på søknad frå kommunane tildeler fylkeskommunane pengar vidare til kommunane.

Det er ikkje tenkt ein full kompensasjon, eller ei ordning kor alle utgifter skal spesifiserast, men ein sats per CWD-prøve som er lik mellom område.

Fordelen med alternativ 1 er eit enkelt system utan søknadsprosess. Ein ulempe er at Hjorteviltregisteret ikkje skil på om det er Mattilsynet eller kommunen sjølv som har teke ut prøvane.

Fordelen med alternativ 2 er at kommunane kan søkje om kompensasjon for dei dyra dei sjølv har teke ut prøvar frå. Ulempen er meir arbeid med søknadsbehandling.

Det er mogeleg å lage ei ordning kor kommunen får mindre kompensasjon for prøvetaking av fallvilt når ettersøkspersonell likevel er i felt, t.d. for påkjørte eller avliva hjortevilt. Tilsvarande kan dei få ein større kompensasjon for prøvetaking av sjølvdaude dyr, då desse normalt berre blir liggjande i naturen. Høgare satsar for sjølvdaude dyr kan auke sannsynet for at ettersøkspersonell reiser ut og tek prøvar av dyr i denne gruppa, som er spesielt interessante i sjukdomssamanheng. Ulempa er eit meir komplisert system og noko meirarbeid på blant anna kommunar og fylkeskommunar.

Venleg helsing

Jomar Ragnhildstveit

Seniorrådgjevar

Regionalavdelinga | klima- og naturressursseksjonen



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**



Hordaland
Hordaland

Tlf: 976 66 576

www.hordaland.no